



Eknes Karosseri AS  
Leknesvegen 254  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/17665 - 20/72674

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
16.11.2020

## Ferdigattest reklameskilt - gbnr 196/111 Midtgård

**Administrativt vedtak:**  
**Saknr: 1233/20**  
**Tiltakshavar:** Eknes Karosseri AS  
**Ansvarleg søkjar:** Brand Factory Norge AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for montering av reklameskilt på fasade av bygning og oppsetting av frittstående skilt på gbnr 196/111.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 25.06.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottoken 29.10.2020.

### Skildring

Adresse:	Leknesvegen 254
Bygningstiltak:	Verkstedbygning
Bygningsnummer:	9869395

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/17665

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Brand Factory Norge AS	Postboks 98	1001	OSLO
Eknes Karosseri AS	Furuset Leknesvegen 254	5915	HJELMÅS